

# Veveplan for 2. trinn

# Veve 1-2

## Beskjedar:

Det var kjekt å sjå elevane igjen etter ferien, og vi håpar alle har hatt ein fin og avslappande juleferie. Nå er vi klare for eit nytt halvår med læring, leik og spennande aktivitetar. Vi gler oss til å jobbe saman med barna dykkar vidare. 😊

I januar skal trinnet jobbe med tema **tid**, der vi fokuserer på klokka, dagar og månadar. Barna skal lære å lese heile og halve klokkeslett og få betre oversikt over vekedagar, månadar og årstider. Vi vil jobbe med dette tema på tvers av fleire fag, slik at dei møter tema på ulike måtar. Dette er vanskeleg for mange og klokka treng ein lang tid på å lære. Det er fint om de heime vil hjelpe oss ved å øve på dette. De kan snakke om klokka, t.d. når det er måltid, leik eller leggetid. De kan gjerne øve på å sei kva dagar og månader det er ved å knytte dei til kommande aktivitetar og spesielle hendingar.

Framover skal vi jobbe med **lesekondis** på trinnet. Lesekondis handlar om barnets evne til å lese lengre tekstar med uthald, forståing og glede. Dette er ein ferdighet som må trenast på.

Lesekondis gir barna djupare forståing av innhald og tekstar, evne til å halde fokus over tid og gir meistringskjensle. Det vil bli satt av ein time kvar veke der vi har fokus på dette.

Klasse 2B har fått ein ny elev i år, vi ynsker Erik Andras velkommen 😊. Vi gler oss til å bli kjend med han. Han har tidlegare gått på Knarvik Barneskule og er tilflyttar til Frekhaug.

Fredag 10. januar startar 2C opp med symjing. Ny liste vil kome etter kvart.

**Ha ei fin veka, helsing 2. trinn. 😊**

**Forteljarstol**

**denne veka er:**

Håkon

Oliver



Dette jobbar vi med denne veka:	
<b>NORSK</b>	<b>Vinter</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg bruker biblioteket for å finne bøker eg kan lese i for å auke lesekondisen.</li> <li>• Vi lærar om Saltos lure leseknek – Superblikk, Alt eg veit, Lesemåte, Tenkestopp, Oppsummering.</li> <li>• Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift.</li> <li>• Eg veit kva ei funksjonell handskrift er.</li> <li>• Eg lærar å lage ein spørjeundersøking.</li> </ul>
<b>MATTE</b>	<b>Tid</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg kan namna på vekedagane og lærar om kva rekkjefølge dei kjem i.</li> <li>• Eg kan namna på månadane og lærar om kva rekkjefølge dei kjem i.</li> <li>• Eg lærar å lese heile og halve timer på klokka, både analogt og digitalt.</li> </ul>
<b>SOSIALT</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler.</li> </ul>

	<b>Til tysdag</b>	<b>Til onsdag</b>	<b>Til torsdag</b>	<b>Til fredag</b>
<b>NORSK</b>	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 120 og 121.  Svar på 🗒️ på s. 121 i den grøne skriveboka di.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 124 og 125.	Vel mellom dei to alternativa under.  1: les s. 126. 2: les s. 126-127.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 128 og 129.
<b>MATTE</b>			Gjer s. 49 i Multi øvebok.	
<b>Hugs:</b>				<b>Hugs: gymtøy eller badetøy.</b>